



Mari Bjelland (16 år) song eigen låt i tillegg til Kaizers Hjeteknuser.

Uskedal Båtlag sitt nye båtlagshus kan brukast til meir enn berre å vera ein samlingsplass for båtlagsmedlemer og båtgjester. Det fekk alle oppleve på Uskedal Friluftslag sitt årlege arrangement tysdag kveld, lagt til Strandstovo fordi det var usikkert med veret. 50 menneske var samla og då var det i tillegg plass til Uskedal Musikklag, Rustne Menn og gjesteartisten Mari Bjelland. Ute på plassen var det hestekokasting og putekrig.

Uskedal Filuftslag er godt nøgd med tilskipinga. Laget fekk inn meir enn kr. 8.000,- til stell og drift av Stemneplassen. Alle gevinstane var gåver frå privatpersonar og næringslivet i Uskedalen og frå andre bygder.

Mari Bjelland er berre 16 år og har alt skaffa seg eit namn som ungdomsartist. Ho syng og spelar gitar. Mari var deltakar på årets UKM og ho vann Lambasleppet 2019. I Strandstovo song ho eigen låt og tekst i tillegg til Kaizers Hjerteknuser.



Uskedal Musikklag med øving i heile sommar, kejm alltid godt frå oppgåva med sin musikk.

Uskedal Musikklag med sitt ensemble og repetoar gjer det alltid like godt. Framføringa vert krydra med gode historiar av tubaisten Thor Inge Døssland.



Rustne Menn øver for tida og kan syna til stigande formkurve. Neste oppdrag er Skutefesten i Rosendal med allsong og soloinnslag fredag kveld.

Rustne Menn øver for tida og kan syna til stigande formkurve. Neste oppdrag er Skutefesten i Rosendal med allsong og soloinnslag fredag kveld.

Den romslege Strandstovo med store garasjeportar, straum, vatn og bord/benker er godt eigna til alle typar arrangement i sommarhalvåret. Før har det ofte i dårleg ver vore usikkert med konsertar i friluft. No er dette problemet løyst. Takk til Uskedal Båtlag som opna opp og let Friluftslaget få bruka Strandstovo.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Thor Inge Døssland/ Kristian Bringedal



Ikkje noko å sei på frammøte til Friluftskonserten tysdag kveld, lagt til Strandstovo i Båthamna.